



DEN NORSKE KYRKJA

Lindås sokneråd

Lindås kommune
Felles postmottak
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
12.03.2015	
Ark. saksnr 15/90	Løpenr
Sakst.	Tilgangskode

Lindås, 11. mars 2015

SØKNAD OM STØTTE TIL JUBILEUMSBOK *LINDÅS KYRKJE –150 ÅR*

Lindås kyrkje feirar 150 års jubileum i 2015; sjølv dagen er den 20. september.

I samband med jubileet ynskjer Lindås sokneråd å lage ei bok med kyrkja si historie frå 1865 til 2015. Boka vil, i tillegg til historisk fakta, ha med bilete og tekst som syner bruk av kyrkja, og aktivitetar i soknet i desse 150 åra.

Arbeidet med boka er godt i gang, ei eiga boknemnd har arbeidd (dugnad) med dette ei stund. Nemnda ser for seg ei innbunden bok . Ei bok som dreg linene 150 år tilbake, men som og viser livet i og rundt kyrkja i seinare tid. Målet er å ha boka ferdig i august/tidleg september.

Bøker av dette slaget kostar mykje å få redigert, og trykt opp. Soknerådet ser for seg ei kostnadsramme på 100.000 – 150.000 kr.

Vi trur at dette vert ei bok som mange vil sikre seg, men før ein kan få inntekter frå salet, må trykking av boka finansierast.

Soknerådet vil med dette skrivet be om økonomisk støtte til bokprosjektet. Ei kvar gåve, lita eller stor, vil vera kjærkomen for soknerådet.

Då likviditet vil kunna ha innverknad på val av papirkvalitet mm vonar soknerådet på snarleg handsaming av søknaden; gjerne med innbetaling til konto 3640.60.05504.. Merk innbetalinga med «støtte jubileumsbok»

Som takk vil namna på bidragsytarane bli tatt med i boka.

Med helsing

Torild Haueland

Lindås sokneråd
leiar